

# Haldningsdokument for berekraftige anskaffingar



## Innleiing

Visjonen til Rogaland fylkeskommune er *Berekraftig utvikling og sterke fellesskap i heile Rogaland*. Dersom vi skal følgje denne visjonen, er det avgjerande at vi gjennomfører anskaffingane våre på ein ansvarleg måte. Vår anskaffingsstrategi har samfunnsansvar som eit av tre hovudmål. Dette handlar om korleis vi kan bruke anskaffingar og kontraktsoppfølging til å fremje omsyn som gjeld natur og miljø, arbeidstakarrettigheter, menneskerettar, samfunnsutvikling og innovasjon.

Rogaland fylkeskommune sin anskaffingsstrategi gir konkrete føringar for korleis vi skal jobbe med samfunnsansvar i perioden 2021-2025. Strategien er vedteken av fylkestinget og rekna som ein overordna strategi.

Dette haldningsdokumentet er eit supplement til anskaffingsstrategien. Haldningsdokumentet skal gjere greie for dei prinsippa vi jobbar etter for at våre anskaffingar skal vere berekraftige. Rogaland fylkeskommune er medlem av Etisk handel Norge, og haldningsdokumentet skal vere i samsvar med Etisk handel Norge si prinsippklæring.

## FNs berekraftsmål

Ei berekraftig utvikling er avhengig av mange omsyn, både til menneske, samfunn, økonomi og miljø. FNs 17 berekraftsmål gir ein globalt anerkjent tilnærming til berekraftsarbeid. Berekraftsmåla skal vere ei rettesnor for Rogaland fylkeskommune når vi gjennomfører anskaffingar.

FNs berekraftsmål utfyller kvarande. Dei viser oss at vi må ta vare på både menneske og natur for at verda skal kunne ha ei berekraftig

utvikling. Her er det viktig å vere bevisst utfordringa som ligg i at berekraftsmåla må balanserast mot kvarandre. Einsidig fokus på utvalde berekraftsmål kan virke mot sin hensikt. Å ta samfunnsansvar handlar om å sjå samanhengen mellom berekraftsmåla.

Vi vil peike på fire berekraftsmål som er sentrale for våre anskaffingar. Hensikta er ikkje at vi skal fokusere på desse åleine, men at dei kan fungere som ein innfallsvinkel til vårt arbeid med berekraftige anskaffingar.

## Berekraftsmål 8 Anstendig arbeid og økonomisk vekst



Økonomisk vekst gir rom for fleire arbeidsplassar og meir innovasjon. Verda treng innovasjon for å møte globale utfordringar. Tilgang til anstendig arbeid gir økonomisk tryggleik for enkeltmenneska og dempar konfliktnivå. Våre anskaffingar påverkar den lokale marknaden og globale leverandørkjeder. Anskaffingane våre kan bidra til økonomisk vekst dersom vi er medvitne korleis vi innrettar dei. Vi skal stille vilkår til anstendige og trygge arbeidsforhold i eigen organisasjon og der Rogaland fylkeskommune opptretr som byggherre. Vi skal samarbeide med våre leverandørar om å sikre dei same rettane for arbeidstakarar i leverandørkjedene.

## Berekraftsmål 11 Berekraftige byar og lokalsamfunn



Skal vi utvikle sterke fellesskap i heile Rogaland, er vi avhengig av eit godt samarbeid mellom kommunale, statlege og private aktørar. Gjennom våre anskaffingar skal vi levere gode tenester som bidreg til gode og levedyktige lokalsamfunn. Vi skal forvalte våre ressursar på ein effektiv måte, samtidig som vi brukar regelverkets handlingsrom til å inkludere små og mellomstore verksemder.

## Berekraftsmål 12 – Ansvarlig forbruk og produksjon



Rogaland fylkeskommune erkjenner at anskaffingane vi gjer påverkar det globale forbruket. Jordkloda eksisterer under eit stadig press av for høgt forbruk som ikkje er berekraftig. Vi skal møte denne utfordringa ved å ta oss tid til å vurdere behova våre før vi anskaffar. Vi skal prioritere sirkulere produkt der det er mogleg, og stille egna miljøkrav der vi kjøper nytt.

## Berekraftsmål 17 Samarbeid for å nå måla



For å fremje berekraftige anskaffingar, er det avgjerande at heile organisasjonen held seg oppdatert på utviklinga av miljø- og samfunnsvennlege løysingar. Faggruppe anskaffingar støtter fylkeskommunens ulike avdelingar i anskaffingsprosessane, og skal i samarbeid med avdelingane jobbe for at anskaffingane blir berekraftige.

## Ressursar

Faggruppe anskaffingar er plassert i økonomiavdelinga. Faggruppa har hovudansvar for prinsipp og rutinar som gjeld anskaffingar, og administrerer organisasjonens digitale anskaffingsverktøy.

Faggruppe anskaffingar har ei dedikert stilling for å koordinere samfunnsansvar. Samarbeid på alle nivå er nødvendig for ei berekraftig utvikling. Rogaland fylkeskommune deltar i samarbeid på interkommunalt, nasjonalt og internasjonalt nivå.

## Anskaffingsregelverket

Lov og forskrift om offentlege anskaffingar legg rammene for korleis vi gjennomfører anskaffingar. Vi skal følgje dei grunnleggjande prinsippa for offentlege anskaffingar ved å legge til rette for konkurranse, likebehandle tilbydarar og leverandørar, handle på ein føreseieleg måte og treffe avgjersler som kan etterprøvast. Krava vi

stiller i konkurransar og avtaler skal stå i eit rimeleg forhold til det vi anskaffar.<sup>1</sup>

## Etisk handel Norge

Rogaland fylkeskommune har vore medlem i Etisk handel Norge sidan 2009. Medlemskapen gir oss kunnskap om korleis vi i våre anskaffingar kan ta berekraftige val og vise omsyn til menneske, miljø, dyr og samfunn. Vår rapportering til Etisk handel Norge blir kvart år lagt fram for fylkestinget. Rogaland fylkeskommune skal delta aktivt i Etisk handel Norge. Medlemskapen inneber at vi sluttar oss til Etisk handel Norge sine vedtekter og prinsipperklæring<sup>2</sup>.

## Metodikk

### Førebuing

Ein viktig føresetnad for berekraftige anskaffingar, er at vi tar oss tid til å vurdere behova våre før vi anskaffar. Vi brukar kontraktsstrategi for å kartlegge moglege krav til samfunnsansvar og berekraft. Der det er mogleg og står i eit rimeleg forhold til anskaffinga, gjennomfører vi marknaddialog for å finne fram til berekraftige løysingar. Vi vurderer om gjenbruk er eit realistisk alternativ til å kjøpe nytt.

### Kontraktsoppfølging

Rogaland fylkeskommune skal arbeide for at varer og tenester vi anskaffar fyller våre målsetningar om berekraft gjennom heile avtaleperioden. Vi skal gjennomføre kontraktsoppfølging på

---

<sup>1</sup> [Lov om offentlige anskaffelser § 4 - Lovdata](#)

<sup>2</sup> [Vårt grunnlag – Etisk Handel](#)

berekraftsområdet både gjennom dialog med leverandørane, og gjennom rapportering og kontroll.

Kontraktoppfølging skal skje etter kartlagt risiko for negativ påverknad. I kartlegginga vurderer og prioriterer vi tiltak etter kor alvorleg den negative påverknaden er, både i grad og omfang. Vi legg vekt på om den negative påverknaden er irreversibel.

Der det er relevant og mogleg, skal vi bidra til at leverandørane våre får nødvendig kompetanseheving til å etterleve etiske krav i leverandørkjeda.

## **Aktsemdvurderingar**

Å gjennomføre aktsemdvurderingar er å jobbe etter OECD sin metodikk for å førebyggje og utbetre skade og negativ påverknad i leverandørkjeda<sup>3</sup>. Rogaland fylkeskommune skal bruke metodikken både ved nye anskaffingar, og ved oppfølging av eksisterande avtalar.

Aktsemdvurderingar inneber at arbeidet med berekraftige anskaffingar skal vere forankra i Rogaland fylkeskommune. Det inneber vidare at vi skal kartleggje risiko for negativ påverknad som følgje av anskaffingane våre og at vi skal gjere tiltak for å hindre eller stoppe slik påverknad. Vi skal vere opne om korleis vi jobbar og om funn vi gjer i kartleggingsarbeidet.

Blir det påvist negativ skade som følgje av våre anskaffingar, skal vi ta ansvar for dette. Dette inneber at vi skal følgje opp våre leverandørar og etter beste evne samarbeide med dei for å gjenopprette skade som er skjedd. Gjenoppretting treng ikkje bety at Rogaland fylkeskommune er økonomisk erstatningsansvarleg.

---

<sup>3</sup> [OECD Due Diligence Guidance for Responsible Business Conduct - OECD](#)

Samarbeid om gjenoppretting kan skje gjennom at rutinar blir utbetra, og at det blir utøvd press overfor ansvarleg underleverandør.

## Innovasjon

Ei innovativ anskaffing skildrar ein situasjon der oppdragsgivar har eit problem, ei utfordring eller ein moglegheit, som det ikkje finnast ein løysing for i marknaden<sup>4</sup>. Ved å vere partner i Leverandørutviklingsprogrammet (LUP)<sup>5</sup> jobbar vi for å fremje innovative anskaffingar.

I vår kontraksstrategi og saman med vårt brukarutval, skal vi vurdere om den enkelte anskaffinga kan bidra til innovasjon, teknologiutvikling eller verdiskaping. Der det er hensiktsmessig brukar vi marknadssdialog som arena for deling av kunnskap med leverandørar. Marknadssdialog er dermed eit viktig verktøy for å utvikle framtidssnyttige og berekraftige produkt og tenester.

## Vidareutvikling

Det skal vere eit kontinuerleg arbeid for oss å utvikle vår innkjøpspraksis for å kunne oppnå berekraftige anskaffingar. Vi må stadig bruk erfaringane vi gjer oss gjennom anskaffing og kontraktsoppfølging til å tilpasse innkjøpspraksisen for å betre forhold for menneske, dyr, miljø og samfunn i leverandørkjeda.

# Krav og vilkår i anskaffingane våre

## Etiske arbeidsforhold, løn og HMS

Rogaland fylkeskommune skal arbeide for ei ansvarleg innkjøpspraksis som tar vare på menneskerettane når vi

---

<sup>4</sup> [Hva er innovative anskaffelser? | Anskaffelser.no](#)

<sup>5</sup> [Forside - Innovative anskaffelser](#)



gjennomfører anskaffingar. Gjennom våre anskaffingar skal vi søke leverandørar som viser vilje og evne til å jobbe med positiv utvikling av eigen leverandørkjede.

### **Etiske kontraktsvilkår**

Der anskaffingane våre vedkjem globale leverandørkjeder, stiller vi etiske kontraktsvilkår. Vi bruker siste versjon av DFØ og Etisk handel Norge sine standard kontraktsvilkår for etiske krav<sup>6</sup>.

### **Standard kontraktsvilkår**

I våre standard kontraktsvilkår stiller vi løns- og arbeidsvilkår gjennom å vise til Etisk handel Norge sine prinsipp for berekraftig forretningspraksis. Der vi brukar etiske kontraktsvilkår, eller der leverandør er underlagt åpenhetsloven, skal vi forplikte leverandør til å varsle oss om menneskerettsbrot som blir avdekka i leverandørkjeda.

### **Seriøsitetsreglar**

I kontraktar der Rogaland fylkeskommune er byggherre, skal fylkeskommunens seriøsitetsreglar vere med. Seriøsitetsreglane stiller krav til løns- og arbeidsvilkår, og helse- miljø og sikkerheit (HMS), samt sikkerheit, helse og arbeidsmiljø (SHA) der det er i tråd med byggherreforskriften<sup>7</sup>. Reglane stiller også minimumskrav til mengde faglærde og lærlingar ved utføring av kontraktarbeidet.

---

<sup>6</sup> [Ivaretagelse av grunnleggende menneskerettigheter i leverandørkjeden](#)

<sup>7</sup> [Byggherreforskriften \(arbeidstilsynet.no\)](#)

### **Minimumsløn**

Der anskaffingane møter globale leverandørkjeder, skal vi som minimum stille vilkår om løn etter minstelønsbestemmingar eller bransjestandard, der den høgste gjeld<sup>8</sup>.

Vi skal vere medvitne at nasjonale minstelønsbestemmingar ikkje alltid representerer leveløn, og vurdere tiltak som fremjar leveløn i leverandørkjeda. Lønsutbetaling skal vere skriftleg avtalefesta, og vi skal ikkje akseptere disiplinreaksjonar som medfører fråtrekk i løn.

### **Arbeidstid**

Arbeidstid i våre kontraktar skal vere i tråd med nasjonale lover eller bransjestandard, og i samsvar med internasjonale konvensjonar<sup>9</sup>. I våre leverandørkjedar skal vi ikkje akseptere bruk av ufrivillig eller ubetalt overtid, eller overtid som ikkje blir godtgjort med overtidstillegg. Vi skal heller ikkje akseptere brot på retten til minst ein fridag i veka.

### **Helse- miljø og sikkerheit**

Gjennom våre seriøsitetsreglar skal vi stille krav om HMS og SHA der vi er byggherre. Vi skal vidare stille krav om at våre leverandørar har retningslinjer for HMS i sin eigen leverandørkjede. Krav til HMS skal vere i tråd med internasjonale konvensjonar<sup>10</sup>, og vi skal ikkje akseptere at arbeidarar i våre leverandørkjeder manglar eit sunt og sikkert arbeidsmiljø. Dette inneber også at det skal vere rutinar for dokumentasjon av HMS-forhold i vår leverandørkjede. Krav til trygge og sunne arbeidsplassar omfattar kost, losji og sanitærforhold tilknytt arbeidsplassane.

---

<sup>8</sup> ILO Konvensjon nr. 131 om fastsetting av minstelønn, spesielt med sikte på utviklingsland (1972)

<sup>9</sup> ILO Konvensjon nr. 1 og 14

<sup>10</sup> ILO konvensjon nr. 155 og anbefaling nr. 164

### **Arbeidsmarknadstiltak**

Vi skal samarbeide med verksemdar som tilbyr arbeidsmarknadstiltak<sup>11</sup>, der det vi anskaffar har art og omfang som rimeleg kan leverast av slike verksemdar.

Arbeidsmarknadsverksemdene er viktige aktørar for å fremje eit inkluderande arbeidsliv. Dei er i ei særstilling når det gjeld å oppfylle CRDP artikkel 27 om retten til arbeid, og artikkel 19 om retten til deltaking i samfunnet<sup>12</sup>.

### **Arbeidarrepresentasjon og organisasjonsfridom**

Arbeidarrepresentasjon som er demokratisk valt gjennom frie fagforeiningar eller på annan måte, er mange stader avgjerande for å sikre arbeidstakarrettigheter. Rogaland fylkeskommune skal respektere retten internasjonale konvensjonar gir til fri fagorganisering og kollektive forhandlingar<sup>13</sup>. Vi skal kunne forvente det same av våre leverandørar. Dette omfattar arbeidarane sin rett til å kunne slutte seg til eller etablere fagforeiningar og gjennomføre kollektive forhandlingar, utan hindring eller diskriminering. Der det i leverandørkjeda finnast produksjon i land som avgrensar retten til fri fagorganisering, skal leverandøren leggje til rette for alternative mekanismar som støtter fri og uavhengig organisering. Samarbeid med styresmakter om å hindre fagorganisering må ikkje finne stad.

### **Miljø og natur**

Rogaland fylkeskommune skal ta omsyn til miljø og natur i våre anskaffingar. Dette handlar om at vi skal jobbe for å redusere klimagassutslepp som følgje av produksjon og bruk av varer og tenester. Det handlar også om at vi skal innrette våre anskaffingar slik at vi reduserer nedbygging av natur, bidreg til trygg forvaltning av

---

<sup>11</sup> [Forskrift om arbeidsmarkedstiltak \(tiltaksforskriften\) - Kapittel 15. Ikrafttredelse og overgangsregler - Lovdata](#)

<sup>12</sup> [CRPD – Veiledning til FN konvensjonen om rettigheter til mennesker med nedsatt funksjonsevne | Bufdir](#)

<sup>13</sup> ILO konvensjon nr. 87, 98, 135 og 154

naturlege ressursar, og tar omsyn til dyrevelferd. Rogaland fylkeskommunes sentraladministrasjon er sertifisert Miljøfyrtårn, der anskaffingar er eit av tiltaka våre.

### **Miljøsertifisering**

Miljøsertifisering stadfester at ei verksemd har eit godt system for miljøstyring. Sertifiseringa kan vere etter standardane til ISO 14000, Miljøfyrtårn, EMAS eller andre standardar som kan dokumentere leverandørens miljøstyring. Miljøstyring handlar om korleis leverandøren handterer eigen verksemd for å redusere negativ påverknad på miljøet. Der marknaden er moden for det, skal vi bruke miljøsertifisering som kvalifikasjonskrav. Samstundes skal vi ta omsyn til at ikkje alle små- og mellomstore verksemdar kan dokumentere miljøstyring ved hjelp av eksterne sertifikat.

### **Miljømerke**

Miljømerke er tredjepartsverifisering av kva miljøkvalitetar eit produkt har. Dei kan stadfeste at eit produkt er produsert på ein miljøvennleg måte, eller at det er miljøvennleg i bruk til samanlikning med andre produkt. Livssyklusdokumentasjon, slik som EPD, er også ein form for miljømerke.

Vi stiller krav til miljømerke i våre avtaler for å bidra til miljøvennleg produksjon og for å prioritere produkt som i mindre grad skadar miljøet. Der EDP er tilgjengeleg, vil vi stille krav om det i den grad det kan bidra til Rogaland fylkeskommunes klimarekneskap.

### **Standard kontraktsvilkår**

Vi stiller generelle krav til miljøvennlege produkt og tenester i våre standard kontraktsvilkår. Kravet omfattar vilkår om merking av produkt og handtering av emballasje.

### **Miljøvilkår og tildelingskriterium**

Anskaffingane til Rogaland fylkeskommune omfattar alt frå små konsulenttenester til store entreprisar. Omsyn til miljø og natur blir

best tatt hand om når vi vurderer tiltak konkret for den enkelte avtalen. Vi skal bruke miljø som tildelingskriterium i tråd med gjeldande reglar i lov og føresegn om offentlege anskaffingar. Vidare skal vi stille relevante krav til varetaking av miljø og natur i kravspesifikasjon. Døme kan vere krav relatert til utslepp av klimagassar, krav til varetaking av lokal natur og artsmangfald, og krav til gjenbruk og sirkulære produkt.

### **Arbeidslivskriminalitet og korrupsjon**

Risiko for arbeidslivskriminalitet og korrupsjon skal alltid vurderast når vi gjennomfører anskaffingar. Risikoen auker når vi samhandlar med land utanfor Vest-Europa. Rogaland fylkeskommune skal samarbeide med Arbeidstilsynet, skattemyndigheiter og politi for å hindre arbeidslivskriminalitet og korrupsjon i vår eigen region. Vi skal følgje opp våre leverandørar med relevante vilkår for å motarbeide førekomst av korrupsjon i leverandørkjeda.

Rogaland fylkeskommune er medlem av Transparency International og skal arbeide aktivt med internkontroll. Rogaland fylkeskommunes etiske retningslinjer inneheld generelt forbod mot gåver og andre fordelar på vegne av verksemda og alle tilsette.

### **Handelboikott**

Rogaland fylkeskommune, samt våre leverandørar og samarbeidspartnarar, skal unngå handelspartnarar som har aktivitetar i land pålagt handelsboikott av FN og/eller norske myndigheiter.

# Etisk handel Norge sine prinsipp for berekraftig forretningspraksis

Gjennom vår medlemskap i Etisk handel Norge, sluttar vi oss til Etisk handel Norges prinsipp for berekraftig forretningspraksis. Vi legg ved desse prinsippa for berekraftig forretningspraksis i alle anskaffingar etter anskaffelsesloven del II og del III.

## **Prinsipper for bærekraftig forretningspraksis (Code of Conduct)**

Disse prinsippene for bærekraftig forretningspraksis er basert på FN- og ILO-konvensjoner og angir minimums- og ikke maksimumsstandarder. Lovgivningen på produksjonsstedet skal respekteres. Der hvor nasjonale lover og reguleringer dekker samme tema som disse retningslinjene, skal den høyeste standarden gjelde.

### **Tvangsarbeid/slavearbeid (ILO konvensjon nr. 29 og 105)**

1.1. Det skal ikke forekomme noen form for tvangsarbeid, slavearbeid eller ufrivillig arbeid.

1.2. Arbeidere skal ikke måtte levere depositum eller identitetspapirer til arbeidsgiver og skal fritt kunne avslutte arbeidsforholdet med rimelig oppsigelsestid.

### **2. Fagorganisering og kollektive forhandlinger (ILO konvensjon nr. 87, 98, 135 og 154)**

2.1. Arbeidere skal uten unntak ha rett til å slutte seg til eller etablere fagforeninger etter eget ønske, og til å forhandle kollektivt.

Arbeidsgiver skal ikke blande seg inn i, hindre eller motarbeide fagorganisering eller kollektive forhandlinger.

2.2. Fagforeningsrepresentanter skal ikke diskrimineres eller hindres i å utføre sitt fagforeningsarbeid.

2.3. Dersom retten til fri organisering og/eller kollektive forhandlinger er begrenset ved lov, skal arbeidsgiveren legge til rette for, og ikke hindre alternative mekanismer for fri og uavhengig organisering og forhandling.

### **3. Barnarbeid (FNs konvensjon om barnets rettigheter, ILO konvensjon nr. 138, 182 og 79, ILO anbefaling nr. 146)**

3.1. Minstealder for arbeidere skal ikke være mindre enn 15 år og i tråd med nasjonal minstealder for ansettelse, eller; minstealder for obligatorisk skolegang, med høyeste alder som gjeldende. Dersom lokal minstealder er satt til 14 år i tråd med unntaket i ILO konvensjon 138, kan dette aksepteres.

3.2. Nyrekruttering av barnarbeidere i strid med ovennevnte minstealder skal ikke finne sted.

3.3. Barn under 18 år skal ikke utføre arbeid som er til skade for deres helse, sikkerhet eller moral, inkludert nattarbeid.

3.4. Det skal etableres handlingsplaner for snarlig utfasing av barnarbeid som er i strid med ILO-konvensjonene 138 og 182. Handlingsplanene skal dokumenteres og kommuniseres til relevant personale og andre interessenter. Det skal legges til rette for støtteordninger hvor barn gis mulighet til utdanning inntil barnet ikke lenger er i skolepliktig alder.

### **4. Diskriminering (ILO konvensjon nr. 100 og 111 og FNs Kvinnediskrimineringskonvensjon)**

4.1. Det skal ikke forekomme diskriminering når det gjelder ansettelse, avlønning, opplæring, forfremmelse, oppsigelse eller pensjonering basert på etnisk tilhørighet, kaste, religion, alder,

uførhet, kjønn, sivil status, seksuell legning, fagforeningsarbeid eller politisk tilhørighet.

4.2. Det skal etableres vern mot seksuelt påtrengende, truende, fornærmende eller utnyttende adferd, og mot diskriminering eller oppsigelse på usaklig grunnlag, f. eks ekteskap, graviditet, foreldrestand eller status som HIV-smittet.

## **5. Brutal behandling (Menneskerettighetserklæringen/UDHR)**

5.1. Fysisk mishandling eller avstraffelse, eller trussel om fysisk mishandling er forbudt. Det samme gjelder seksuelt eller annet misbruk og andre former for ydmykkelser.

## **6. Helse, miljø og sikkerhet (ILO konvensjon nr. 155 og anbefaling nr. 164)**

6.1. Det skal arbeides for å sikre arbeidere et sikkert og sunt arbeidsmiljø. Farlige kjemikalier og andre stoffer skal håndteres forsvarlig. Nødvendige tiltak skal iverksettes for å forhindre og minimere ulykker og helseskader som resultat av, eller relatert til, forhold på arbeidsplassen.

6.2. Arbeidere skal ha jevnlig og dokumentert opplæring i helse og sikkerhet. Helse- og sikkerhetsopplæring skal gjentas for nyansatte og omplasserte arbeidere.

6.3. Arbeidere skal ha tilgang til rene sanitærfasiliteter og rent drikkevann. Hvis relevant, skal arbeidsgiver også besørge tilgang til fasiliteter for trygg oppbevaring av mat.

6.4. Hvis arbeidsgiver tilbyr losji, skal dette være rent, sikkert, tilstrekkelig ventilert og med tilgang til rene sanitærfasiliteter og rent drikkevann.



## **7. Lønn (ILO konvensjon nr. 131)**

7.1. Lønn til arbeidere for en normal arbeidsuke skal minst være i tråd med nasjonale minstelønnsbestemmelser eller bransjestandard, den høyeste gjelder. Lønn skal alltid være tilstrekkelig til å dekke grunnleggende behov, inkludert noe sparing.

7.2. Lønnsforhold og utbetaling av lønn skal være skriftlig avtalefestet før arbeidet påbegynnes. Avtalen skal være forståelig for arbeideren.

7.3. Fratrekk i lønn som disiplinærreaksjon tillates ikke.

## **8. Arbeidstid (ILO konvensjon nr. 1 og 14)**

8.1. Arbeidstiden skal være i tråd med nasjonale lover eller bransjestandard, og ikke overstige arbeidstid i samsvar med gjeldende internasjonale konvensjoner. Normal arbeidstid per uke skal vanligvis ikke overstige 48 timer.

8.2. Arbeidere skal ha minst én fridag per 7 dager.

8.3. Overtid skal være begrenset og frivillig. Anbefalt maksimum overtid er 12 timer per uke, dvs. samlet arbeidstid på 60 timer per uke. Unntak fra dette kan aksepteres dersom det er regulert av en kollektiv avtale eller nasjonal lov.

8.4. Arbeidere skal alltid ha overtidstillegg ved arbeidstid over normal arbeidstid (se punkt 8.1 over), minimum i tråd med gjeldende lover.

## **9. Regulære ansettelses**

9.1. Forpliktelser overfor arbeidere, i tråd med internasjonale konvensjoner, nasjonale lover og regler om regulære ansettelses skal ikke omgå gjennom bruk av korttidsengasjementer (som bruk av kontraktarbeidere, løsarbeidere og dagarbeidere), underkontraktører eller andre arbeidsrelasjoner.

9.2. Alle arbeidere har krav på arbeidskontrakt på et språk de forstår.

9.3. Lærlingeprogram skal være klart definert med hensyn til varighet og innhold.

## **10. Marginaliserte befolkningsgrupper**

10.1. Produksjon og bruk av naturressurser skal ikke bidra til å ødelegge ressurs- og inntektsgrunnlag for urfolk eller andre marginaliserte befolkningsgrupper, for eksempel ved å beslaglegge store landarealer, uforsvarlig bruk av vann eller andre naturressurser som befolkningsgruppene er avhengig av.

## **11. Miljø**

11.1. Negativ miljøpåvirkning skal reduseres i hele verdikjeden. I tråd med føre var-prinsippet skal det gjennomføres tiltak for kontinuerlig å minimere utslipp av klimagasser og lokal forurensing, bruk av skadelige kjemikalier, sprøytemidler og for å sikre bærekraftig ressursuttak og forvaltning av vann, hav, skog og land, og bevaring av biologisk mangfold.

11.2. Nasjonal og internasjonal miljølovgivning og -reguleringer skal overholdes og relevante utslippstillatelser skal innhentes.

## **12. Korrupsjon**

12.1. Alle former for bestikklser er uakseptabelt, så som bruken av alternative kanaler for å sikre illegitime private eller arbeidsrelaterte fordeler til kunder, agenter, kontraktører, leverandører eller deres tilsatte samt offentlige tjenestemenn/-kvinner.

## **13. Dyrevelferd**

13.1. Dyrevelferd skal respekteres. Tiltak bør iverksettes for å minimere negativ påvirkning på produksjonsdyrs og arbeidsdyrs velferd.

13.2. Nasjonal og internasjonal dyrevelferdslovgivning og -reguleringer skal overholdes.

## Rogaland fylkeskommune

Postboks 130 sentrum  
4001 Stavanger

### Besøksadresse

Arkitekt Eckhoffs gate 1  
4010 Stavanger

### Telefon

51 51 66 00

### E-post

[firmapost@rogfk.no](mailto:firmapost@rogfk.no)

[www.rogfk.no](http://www.rogfk.no)